

Byggadminstrasjon Harald Bjørndal AS  
Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8913 - 21/73173

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
03.11.2021

## **Avvist søknad om utsleppsløyve for bustadfelt Skinstø - gbnr 116/68 Lauvås**

Administrativt vedtak: **Saknr: 1177/21**

Byggestad: Gbnr: 116/68  
Tiltakshavar: Gaard Eiendomsutvikling AS  
Ansvarleg søker: Byggadminstrasjon Harald Bjørndal AS  
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 13-3

### **VEDTAK**

**Med heimel i forskrift om begrensning av forurensing § 13-4, vert søknad om utsleppsløyve for gbnr. 116/68 Lauvås avvist. Grunngjevinga går fram av vurderinga under.**

**Når søknaden er avvist vert saka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om søknaden skal takast til handsaming.**

### **SAKSUTGREIING**

#### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for det regulerte bustadfeltet Skinstø, gnr. 116/68 Lauvås med fleire. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedomen skal reinsast i minirenseanlegg av typen Klargest BioDisc modell BJ som har godkjent reinsekapsitet for intil 100 pe. Utsleppet frå anlegget skal førast til kum for slamsikring og etterpolering med vidare utslepp via tett leidning til 5 m. djupne i sjø i Lauvåsvika.

Det er opplyst i følgeskriv til søknaden at feltet kan få 24 bueiningar.

Det vert ellers vist til søknad mottatt 20.10.2021.

### **VURDERING**

Kommunen har gått gjennom søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. forskrift om begrensning av forurensing Kap. 13. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

## **Avløpsanlegget sin dimensjonerte storleik**

Det er opplyst i søknaden at feltet kan få 24 bueiningar.

Innanfor reguleringsplanen Skinstø er det opna for utbygging av 9 einebustadar med sekundærleilighet, 10 bueiningar i område avsett til konsentrert bustadbygging og ein eksisterande bustad. I tillegg er det opna for at grunneigar på gbnr 116/8 også kan knytast til avløpsanlegget. Dette utgjer totalt 30 bueiningar.

Det er oppgitt i søknaden at anlegget er dimensjonert for 100 pe.

Det vert rekna 5 pe pr. bueining og avløpsanlegget må dimensjonerast for den utbygginga reguleringsplanen legg opp til.

Utsleppsløyve må dimensjonerast for maksimal mogeleg belastning, i dette tilfelle full utbygging av bustadfeltet. Ei eventuell trinnvis utbygging må gjerast greie for. Vi vurderer at anlegget må dimensjonerast for minimum 150 pe.

## **Avklaring av eigarforhold**

Eit anlegg dimensjonert for meir enn 50 pe skal handsamast etter kap. 13 i forskrift om begrensning av forurensing. I samsvar med lov om kommunale vass- og avløpsanlegg skal desse anlegga i utgangspunktet vera eigd av kommunen. Før søknaden om utsleppsløyve kan handsamast må dette avklarast. Det er eining for samferdsle, veg og VA som handsamar desse sakene. Vi rår til at de tar kontakt med dei for vidare avklaring. Søknad om utsleppsløyve kan ikkje handsamast før eigarforhold etter lov om kommunale vass- og avløpsanlegg er avklart.

## **Nabovarsel**

Det er opplyst anlegget er tidlegare nabovarsla og at det ikkje er sendt ut ny nabovarsling. Frå Lindås kommune sitt historiske arkiv kan vi sjå at det var gjort nabovarsling 25.10.2017 og at denne nabovarslinga var mangelfull. Eigar av gbnr. 116/59 (fylkesveg 415) og gbnr. 116/1 var ikkje nabovarsla.

Det er kommunens vurdering at nabovarslinga som var gjort 2017 ikkje kan leggjast til grunn ved ny søknad i 2021. Nabovarslinga er meir enn 4 år, den er mangelfull og det er no ei anna og vesentleg auka løysing det vert søkt om.

Tiltaket må nabovarslas på nytt.

## **Oversikt over tilknytte eigedomar**

Vedlegg merka figur 1. Oversikt over tilknytta eigedomar viser eit kart over eit område Abotnes i Bjørnefjord kommune. Kommunen legg til grunn at dette er gjort ved eit mistak og at det vert retta opp ved seinare høve.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak treft av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8913**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Teknisk forvaltning og drift

**Mottakarar:**

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS Gaard Eiendomsutvikling AS	Postboks 103 Lægdene 12	5649 5096	EIKELANDSOSEN BERGEN
---	----------------------------	--------------	-------------------------